



# Årsmelding

for  
Sveio Orienteringslag  
2022



**Årsmøte blei halde på Førde Samfunnshus torsdag 28. april 2021.**

**Desse blei valde til å leia arbeidet i laget i det komande året:**

**Hovudstyret:**

Thomas Førde	attval for 1 år
Kjetil Fiskå	attval for 2 år
Kristian S. Førde	attval for 2 år
Karl Inge Instefjord	ikkje på val
Astrid Førsund	ikkje på val

**Varamedlemmer til hovudstyret:**

Geir Milford	1. varamedlem, attval for 1 år
Hjalmar Lokna	2. varamedlem, attval for 1 år
Øystein Opdal	3. varamedlem, attval for 1 år

**Turorienteringsutvalet:**

Thomas Førde	attval for 1 år
Astrid Førsund	attval for 1 år
Karl Inge Instefjord	attval for 2 år
Olaug Fagerland	ikkje på val
Leif Grutle	ikkje på val
Alice Enerstvedt	ikkje på val

**Revisor:**

Jostein Ottesen	attval for 1 år
-----------------	-----------------

**Diverse:**

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting:

Kjetil Fiskå
Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Astrid Førsund
Karl Inge Instefjord

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord	vara Hjalmar Lokna
Astrid Førsund	vara Geir Milford

## Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent

87 medlemmer er registrert, mot 94 ved førre årsskifte. Laget er blitt tvinga av Norges Idrettsforbund til omlegging av innkrevjinga av medlemspengar. Frå og med 2020 måtte innkrevjinga skje digitalt. Det har vore ei krevjande omstilling, både for oss som lag og for medlemmane. Kristian, kasserar, har brukt mykje tid til å setja seg inn i og til å setja ut i livet det nye systemet. Mange av medlemmane har slite med å finna ut av det nye betalingssystemet. Det kan vera forklaringa på ein viss nedgang i medlemstalet.

Omlegginga inneber truleg at for nye og potensielle medlemmar vil det nå vera ein høgare terskel å melda seg inn. Innmelding skal fortrinnsvis skje ved at nye medlemmer registerer seg sjølv på Idrettsforbundet sine sider. Her kan folk koma til å oppleva ei digital sperre og dermed i verste fall droppa innmelding.

Me kan i første omgang laga ei enkel oppskrift på innmelding til laget og leggja denne inn i tur- o-konvolutten. Same oppskriftera kan me repetera på Facebook-sida vår.

## Kart-arbeid

Det nye o-kartet over Førde sentrum, med Strando og RexGarden, blei for første gong tatt i bruk til konkurranseorientering i samband med kretslopp i sprint laurdag 11. juni.

Seinare i sesongen, søndag 28. august, blei det nye kartet dessutan nytta under Finn Fram-dagen og i samband med nær-o-løp tysdag 6. september.

Arbeidet med sjølv kartet er ferdig. Nå står det att å senda inn prosjektrekneskap for å få utbetalt spelemidlar og momskompensasjon.

## Konkurranseorientering

### Eigne arrangement:

Førde skule blei valt som arena 11. juni då det **første kretslopet på nytt kart** over Førde sentrum skulle arrangerast. Deltakarane fekk tilbod om i alt seks ulike sprint-løyper, som Thomas Førde og Kjetil Fiskå stod bak. Mange andre av laget sine medlemmer var og involverte, som funksjonærar under arrangementet. Tilbakemeldingane frå deltakarane var svært gode om arrangementet, arena, terrenget og ikkje minst det nye kartet. Men deltagartalet var i minste laget, ca. 50.





**Nær-o-løpet** 6. september blei arrangert med start og mål på Strando i Førde. Til dette arrangementet i mellomdistanse-orientering blei det nye sprintkartet over Førde nytta. Kjetil og Thomas var løypeleggjarar også ved dette høvet og hadde laga fire ulike løyper. Løpsdagen fekk eit framifrå flott sommarvêr og dei 35 deltarane, som kom frå ulike klubbar i Nord Rogaland og Sunnhordland, kunne gle seg over ein idyllisk arena og utfordrande løyper på det nye kartet.



### Deltaking i andre o-løp:

SOL hadde fire deltagarar i årets utgåve av Sørlandsgaloppen som blei arrangert i nærleiken av Larvik i tida 7. til 10. juli. Dessutan hadde SOL fleire deltagarar i kretslopet på heimebane i juni og i nær-o-løpet på Strando i Førde i september. Kristian har deltatt i o-løp i Oslo-området, mellom anna i tevlingar i nattorientering.



## Tur-orientering

Sal av kart og materiell viste ein nedgang i høve til dei to rekordsesongane 2020 og 2021. Korona-restriksjonane var i fjarårssesongen over og folk sin kvar kom tilbake meir til det normale. Dermed fekk også turorientering tilbake mange andre konkurrerande aktivitetar. Men sjølv salet av antal konvoluttar gjekk ned, har talet på aktive deltagarar som registrerte sine postbesøk på nett halde seg på eit høgt nivå. (Sjå graf). I tillegg er det verdt å merka seg av sal av kart og turpakkar via nettsida aukar jamt og trutt. (Sjå tabell)


Me hadde i år avtale med fire butikkar som selde tur-o-pakkar for oss: Haukås Bensinstasjon, Førde Daglegvare, Valevåg Nærbutikk og Auklandshamn Handel.



Kjøleg start på året 2022 då dei første tur-o-postar blei sett ut. Her frå runden rundt Kvernvatnet.

### Sal av tur-o på internett og i butikk

Sesong	Konvolutter Solgt	Ekstra Klippekort Solgt	Omsetning På nett	Total Omsetning	Avgift (15%)
2022	149	0	2 735,00	33 835,00	4 665,00
2021	191	0	2 392,00	42 042,00	6 306,30
2020	188	3	2 145,00	34 235,00	5 135,25
2019	149	1	0,00	25 430,00	3 814,50
2018	142	7	0,00	24 410,00	3 661,50
2017	156	2	150,00	26 510,00	3 976,50
2016	155	5	400,00	26 550,00	3 982,50
2015	142	6	0,00	23 940,00	3 591,00
2014	149	5	400,00	25 550,00	3 832,50
2013	187	15	0,00	32 050,00	4 807,50



## Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva tur-o med 20 ulike postar. Kvar post er markert med rauda og kvite flagg og i tillegg står det på flagget skrive nummeret til posten og to bokstavar som registreringskode. Kvar post er også utstyrt med ei teikning som ein finn att på kontrollkortet i eiga rubrikk ved kvart postnummer.

Fire ulike kart og terrenget blei nytta med fem postar i kvart område: 1) Sveio-Vest-kartet ved Paddevegen. 2) I Førde sør for skulen i retning Lier. 3) Ved Auklandshamn i friområdet Slettene. 4) Tittelsnes rundt festningsanlegget.



## Familie-tur-o

Årets tilbod i familie-konvolutten (hovudkonvolutten) var 67 postar fordelt på fem ulike kart/terreng:

**1. Bjelland selvo:** Ein tydeleg og godt merka tursti kunne følgjast frå p-plass ved E39 på Bjelland og sørover langs elva og heilt fram til Vigdarvatnet. Ved vatnet er sett opp ein flott gapahuk i idylliske omgjevnader med utsyn over vatnet. Langs turstien blei det lagt ut 10 postar i vekslande terreg mellom skogholte, brusande elv, høgdeddrag og ope landskap. Ved eit fossefall i elva finst m.a. restar etter ei gammal stampe.

**2. Krossleite-Forevatnet-Fjellstad:** Frå Krossleite er det rydda og merka sti som går nordover i austre enden av Forevatnet, før stien bøyjer vestover langs vatnet. Dei første av i alt 15 postar låg nær denne

turstien vestover. Deretter bøygde løypa nordover i ope og småkupert landskap, før løypa igjen skifta retning mot nordaust og kom i mål ved Fjellstad. P-plassar finst både ved Krossleite, ved Fjellstad og ved kyrkjegarden midt mellom desse.

**3. Ryvarden-marka: Kvernvatnet rundt.** Parkering og start frå Mølstrevåg. 12 postar var lagde ut langs ein rundtur rundt Kvernvatnet. Her var nyleg blitt rydda for tursti. Stien var meir eller mindre tydeleg rundt vatnet.

**4. Vikse-Straumen-Mørkavatnet:** Ny del av eit populært turområde som me opna for turorientering i 2021. Denne sesongen starta rundløypa på same staden som året før, nær p-plassen ved Fantahytta. Men rundløypa i 2022 gjekk lenger nordover, rundt Mørkavatnet og kom tilbake langs ryggen mellom Mørkavatnet og Staumsvollvatnet.

**5. Auklandshamn:** Her blei laga ein innhaldsrik tur med høveleg start frå Eikeland kapell. Postar blei plasserte ut i terrenget langs den mykje brukte stien som går oppover mot Mjuko og fram til dagturhytta, Nipaståvo. Fleire fantastisk fine utsiktspunkt undervegs. Frå Nipaståvo blei det laga ein rundtur med postar vidare vestover og tilbake til stien mellom Auklandshamn skule og Nipaståvo.



## Kaffipost



Vårens kaffipost søndag 22. mai blei arrangert i flott vårsol. Posten var lagt til gapahuken ved Vigdarvatnet, like ved der Bjellandselvo møter vatnet. Posten blei godt besøkt denne søndagen og mange av deltakarane nyttja dette høvet til å besøkja dei 10 tur-o-postane som var plasserte langs turstien som følgde nær elva frå E39



## Sommarpostar



I alt 14 stolpe-postar blei sette ut i sommar. Dette tilbodet er meint som eit lågterskeltilbod innan tur-o. Postane blei delte på to turar som begge setta Orienteringsforbundet sine krav til grønne turar.

Det tyder mellom anna at postane skal kunne nåast av rullestolbrukarar. Karta blei gjort tilgjengeleg via portalen vår på turorientering.no. Sju av sommarpostane låg ute i terrenget i Førde, frå kyrkja langs elvastien til Strando og i parken kring den gamle kyrkjegarden.

Dei andre sju stolpepostane blei plasserte i terrenget ved Fjellstad og vestover langs Paddevegen til sidevegen nordover til høgdebassenget. Rundt 30 deltarar registrerte seg via nettportalen som besøkande på desse stolpepostane.

## Finn Fram dagen

Finn Fram-dagen blei arrangert i strålende sommarvêr på Strando i Førde søndag 28. august. Sveio O-lag hadde denne gongen fått med fleire medarrangerande lag enn på lenge.

Deltakarane i rundløypa, vel 200 i talet, fekk utdelt kart med åtte innteikna aktivitetspostar. Det nye sprintkartet over Førde blei nytta. I tillegg til o-tekniske oppgåver på dei åtte postane langs rundløypa, kunne dei ulike lag og organisasjonar tilby ymse andre aktivitetar på kvar sine tildelte postar:

Førde-speidarane kunne tilby kajakk-padling på grunt vatn. Sveio O-lag kunne sjølv tilby speed-orientering. På ein annan aktivitetspost kunne Sveio O-lag tilby tevling i skyting med luftgever. Buaspeidarane arrangerte konkurranse i pilkast. Sveio Turlag kåra søndagens sterkaste i ulike klassar, der deltararne måtte halda vassbøtter på strak arm så lenge dei makta. Lid 4-H heldt tevling i spikerslag og hesteskokasting.

I grillhytta på Strando selde Sveio O-lag pølser i brød og nysteikte vaflar med kaffi eller saft attåt. Premie til alle som fullførte rundløypa blei delt ut ved målpassering. Dessutan var det premiering til dei beste i pilkastkonkurransen, i spikerslag, hesteskokasting, vassbøttebering og loddtrekking av premiar i speed-orientering. I tillegg blei det trekt ut premiar blant alle deltarane i årets arrangement.





## Årsfest/merkeutdeling

Mange heidersprisar blei delte ut under årsfesten i Førde Samfunnshus torsdag 10. november. Då årets tur-o-sesong kunne summerast opp, viste det seg at 8 flittige deltakarar hadde gjort seg fortent til plakett av ymse valørar.

Fire av dei aller flittigaste veteranane, Egil Lokna, Karl Inge Instefjord, Astrid Svendsen Nesse og Eivind Nesse gjekk alle i år til gullmerke i 25. sesongar på rad. Det betyr i praksis at dei fire fortenestefulle vinnarane har besøkt minst 50 postar i skog og mark kvart år gjennom 25 sesongar.

I alt 140 av årets registrerte deltakarar hadde gjort seg fortent til eit eller anna merke eller plakett.

I klassa for Nærtrim/Barnas Tur-o var det 32 registrerte merkevinnarar.

Under årsfesten underheldt Åsgeir Berglund Førsund med pianospel og Jan Kåre Næss kåserte samtidig som han viste lysbilete av fuglar og natur. Sveio O-lag serverte sjokoladekake, pølser i brød og frukt. Årsfesten blei avslutta med trekning i basaren som blei innleia med loddsal ved inngangsdøra.



Vinnarar som begge blei tildelt plakett etter 25 sesongar med oppnådd gullmerke. Frå venstre: Egil Lokna og Karl Inge Instefjord. Tillegg fekk Astrid og Eivind Nesse same utmerking.

## Utstyr

**Løpsdrakter** blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmane for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre svært få løpsdrakter på lager. Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**T-skjorter:** I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbfagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

**Premie-/gavekrus med klubblogo og namn:** I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Nokre få er att på lager.

**Skulebrikker:** Til elektronisk tidsnøting i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse ble kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som dverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

**Konkurransebrikker:** SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker.

**Fingerkompass:** Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet.

**Vanlege kompass:** Eit klassesett

**Luftgevær:** 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

**Framvisar** (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement.

**Sveio O-lag på nettet** [www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) [www.facebook.com/sveiool](http://www.facebook.com/sveiool)

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mogelegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltarar i. Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

## Kart:

Førde-sprintkart: 1: 4000, ekv: 2,5 m

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000, 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000, 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000, 2009/10

Auklandshamn 1:10 000, 2004

Auklandshamn skule 1: 5000, 2004

Slettene 1: 5000, 2004

Førde 1:10 000, 1998

Førde nærkart 1: 10 000, 2003

Førde nærkart 1: 5 000, 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000, 2006

Lier 1: 10 000, 2006

Førde skulekart 1: 2000, 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000, 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

**Kart/løypeleikningsprogrammet:** OCAD Orienteering Edition

**Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga:** ( Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermar i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

**Tidtakarutstyr:** MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.